

## Transport- veteranen

Han er ein institusjon i Fjell kommune. Alltid på farten for å hente hushaldsavfall. Tidleg og seint. Ottar Fjell (66) har vore i transportbransjen heile sitt vaksne liv.

**D**et var i 1986 Ottar stifta Vest Transport AS som i ei årrekke har henta hushaldsavfall i både Fjell og Øygarden. Den siste tida har han ikkje køyrd faste ruter, men vore backup og steppa inn ved sjukdom og andre høve. Han søv med mobilen på armlengdes avstand.

### Ni born

Men la oss først gå attende til 1948. Då vart Ottar fødd som den fjerde i en syskenflokk på ni, seks gutar og tre jenter.

– Eg var fjerde ungen i rekkja. Mor mi rakk ikkje å dra på klinikken, så eg blei fødd i heimen.

Heimen låg på området Fjell gard som var kommunesentrum den gong. Her var det lensmann, prest, kommunehus, og skulen var like i nærleiken.

### Alt var boss

Tidleg på 1970-talet budde Ottar nokre år i Bergen der han var bussjåfør for Sporveien. I 1976 byrja han å køyre bossbil, som han kallar det.

– Den gong var alt boss. Kjeldesortering var eit framandord. Det var alt mogleg oppi sekkane, og vi hadde mange tunge løft. Dessutan kunne arbeidet vere farleg. Mange putta glas i bosset, og vi kunne lett få oss ei ubehageleg overrasking.

### Flinke kundar

Det har vore ei rivande utvikling i dei tiåra Ottar har farta rundt på Sotra-vegane. I dag blir det som før gjekk under samleomgrepet boss, delt i rest-, mat-, papir- og plastavfall.

– Eg må få skyte av kundane våre. Dei aller, aller fleste er flinke til å sortere, og dei skjønner at vi som køyrer bort avfallet er avhengig av at det blir gjort ein god innsats i heimen.

Men det er dessverre nokon som jukser, legg Ottar til.

– Dei legg restavfall i papiravfall og trur at ingen vil oppdage det, noko som er temmeleg tankelaust. Det skaper mykje krøll i prosessen og FjellVAR kan få bøter hos mottaksstaden på grunn av avvik. Når slikt skjer, vert eg skuffa og har ein dårleg dag på jobben.

### Spania-draumen

Vest Transport har oppdrag for FjellVAR ut 2015, med opsjon for to nye år. Ottar veit ikkje nøyaktig kor lenge han vil halde på, men han er trygg på at det blir nytte for dei sju tilsette også i framtida.

– Våre folk har ein ekspertise som ikkje er lett å erstatte.



Ottar si kone, Linda, jobbar i administrasjonen i Vest Transport. Dei har vore i lag sidan 1990 og gifta seg i 1997. Saman har dei to born, mens Ottar òg har to frå eit tidlegare ekteskåp.

No ser han fram til å bli pensjonist, og han har ein draum:

– Å få eit lite krypinn i Spania og nokre gode år med sol og varme. Ingen ting er bestemt, men det er slikt som freistar når det er storm, kaldt og isete på Vestlandet.

### Til slutt, ei oppmoding!

Mykje har endra seg sidan Ottar starta med bosskøyering på 1970-talet. Alt går snøggare, det er slutt på dei tunge løfta, og prosessen er strauformet frå forbrukar til mottak.

Men ein ting har blitt verre:

– Vegetasjonen! Særleg dei siste ti åra har tre, buskar og hekkar vakse utan kontroll og gjort det særst vanskeleg å ferdast på ein del sideveggar. Eg har ikkje tal på kor mange speil og lyfter som har blitt øydelagd, seier Ottar som har ei oppmoding til kommunen sine innbyggjarar:


– Hugs at våre køyretøy er større enn familiebil. Prøv å gjere det framkomeleg for oss òg!

**PÅ FARTEN:** Ottar Fjell har drive selskapet Vest Transport sidan 1986.

FOTO: RUNE SÆTRE



**Gladmelding** til alle som har sakna bading i Signalvatnet: FjellVAR kan no glede alle som liker å bade, spesielt i Møvikområdet, at Signalvatnet igjen kan brukast til bading. Signalvatnet er lagt ned som drikkevasskjelde. Vatnet kan dermed brukast som i gamle dagar; til kos og hygge. God sommar!



## NYE RETURPUNKT FOR GLAS OG METALL

- Ågotnes v/Kiwibutikken
- Valen v/Liljevatnet skule
- Våge



FjellVAR har utplassert containerar for innsamling av glas- og metallemballasje rundt om i kommunane. I containerane kan du levere klart og farga glas, men ikkje porselen, keramikk, krystall, steintøy, ildfaste former, peisglas, knuste glasruter o.l. som er restavfall. Glas kan resirkulerast i det uendelege, og både glas- og metallemballasje blir som nytt når det gjenvinnast.

## FJELLVAR SINE ANLEGG

- 21 returpunkt
- 3 drikkevatkjelder
- 4 høydebasseng
- 1 vassreinseanlegg
- 17 renseanlegg avløp

# Ekspløsjon i EE-avfall

**N**o byt vi TV, mikrobølgeovner og datautstyr i eit heilt anna tempo. Mengda elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) aukar raskt, og krava til innsamling har blitt kraftig skjerpa gjennom direktiv frå EU. Alle produkt som går på straum eller batteri blir rekna som EE-avfall når dei blir kasta.

Det er høg levestandard, rask teknologisk utvikling og kortare levetid på produkt som gjer at EE-avfallet aukar opptil tre gongar så raskt som anna avfall.

**I gamle dagar var innkjøp av fjernsyn, radio og komfyr investeringar som gjerne skulle vare i tiår. Slik er det ikkje lenger.**

## Gode, norske ordningar

Noreg kan skryte av å vere best i verda på innsamling av EE-avfall, og mykje heng saman med at butikkar som har seld ei vare òg er sentrale returpunkt. Alle som produserer eller importerer EE-produkt er knytt til eit godkjent innsamlingssystem, og forbrukarane skal kunne levere utgåtte produkt både i butikkar og ved kommunale mottak, som på Straume.

Produkt som går på straum eller batteri inneheld ofte miljøgifter som er skadelege for både dyr og menneske, til dømes kvikksølv og PCB. Dei fleste

EE-produkt inneheld helse- og miljøfarlege stoffer i ulike mengder. Difor er det viktig at slikt avfall blir samla inn og handsama på forsvarleg måte, anten det er lyspærer, elektriske leiketog eller mobiltelefonar.

I miljøsaneringa av EE-avfall blir komponentar som inneheld miljøskadelege stoff sortert ut. Slike stoff finn vi mellom anna i kretskort, kablar, display, batteri, motstandarar, fjernsyn og kompressorar.

## Viktig i nord

Viss desse produkta ikkje blir samla opp, vil mykje av kjemikaliane over tid ende opp i Noreg og polarområda, takka vere luft- og havstrøymar. Difor er det ekstra viktig for oss her nord å stå på for å gjere miljøet mindre giftig.

Du kan levere alle EE-produkt gratis til forhandlarar som sel tilsvarande produkt, til dømes i butikkar som sel elektriske apparat og i leiketøysbutikkar. Og det er ikkje krav om å kjøpe noko for å levere!

## KVA BLIR DET TIL?

- Tungmetall og anna farleg avfall blir handsama for ikkje å øydelegge miljøet og naturen.
- Andre delar, som minnebrikker, kan nyttast om igjen i t.d. elektroniske leikar.
- Metall og plast blir skilt ut og resirkulert.

## Visste du at?

... det blir selt kring 2,4 millionar mobiltelefonar i Noreg kvart år, men at berre kring 50 000 blir levert til retur-systemet?



... produksjonen av ein vanleg PC gjev over 700 kg CO<sub>2</sub>-utslepp?


... glas frå gamle TV-apparat inneheld bly og kan difor nyttast i veggene til røntgenrom på sjukehus?





## Soneinndeling for tømekalendar

- Sone 1** Trengereid, Kallestad, Dala, Tellnes, Haganes og Fjell gard sør for vegkryss ved kyrkja
- Sone 2** Svingen, Arefjord og Brattholmen
- Sone 3** Hjelteryggen, oppsida av vegen
- Sone 4** Knappskog, Fjæreide, Morland, Morlandstø og Geitanger
- Sone 5** Åttringen, Grunnvågen og Larslia
- Sone 6** Åse, Skoge, Møvika og Skålvika
- Sone 7** Knarrvika, Storevarden, Snekkevika, Ebbesvika og Gavlen
- Sone 8** Hjelteryggen, nedsida av vegen og Straumfjellet
- Sone 9** Bildøybakken og Kolltveit
- Sone 10** Foldnes, Anglavika og Vågo
- Sone 11** Ulveseth, Nordvika, Neset, Ekren, Kleivane og nordre del av Fjell gard til vegkryss ved kyrkja
- Sone 12** Tonafeltet og Valen
- Sone 13** Bjorøyna
- Sone 14** Spjeld og Ågotnes
- Sone 15** Vindenes, Polleide, Angeltveit og søre del av Landro
- Sone 16** Lokøyna, Syltøyna, Langøyna, Algrøyna og Sekkingstad nord til Utsikten
- Sone 17** Døsjø, Ekerhovda, Lie og Liaskjæret
- Sone 18** Straume utan Straumfjellet
- Sone 19** Bildøyna, Eide, Kårtveit, nordlegaste del av Sekkingstad sør til og med Utsikten og Valderhaug
- Sone 20** Solsvika, Misje, Turøyna og Landro nord for samfunnshuset



## Tøming av slamavskiljar

For eigedomar med fast busetnad skal slamavskiljaren tømast ein gong kvart 2. år. For eigedomar med fritidshus skal slamavskiljaren tømast ein gong kvart 4. år.

I 2014 er det lagt følgjande plan for tøming av tankar. Vi tek atterhald om mindre justeringar undervegs (alle huseigarar vil bli varsla i god tid før tøming):

### PLANLAGT TØMMING

GNR.	SONE	VEKE
15	Skålevik	19
17	Sekkingstad	20
18	Algrøyna	22
14	Lokøyna	22
16	Langøyna	22
12	Syltøyna	22
20	Eide	23
21	Kårtveit	23
23	Angeltveit	23
24	Landro	24
25	Solsvik	25
59	Misje	26
60	Turøyna	27
26	Vindenes	27
27	Ågotnes	28
28	Spjeld	29
30	Knappskog	29
29	Fjæreide	29
32	Morland	30
33	Kolltveit	33
34	Bildøyna	33
44-45	Gavlen/Ebbesvik	34-35
42	Brattholmen	34-35
43	Snekkevik	34-35
58	Nordre Fjell	36-37
56	Søre Fjell	36-37
57	Midtre Fjell	36-37
46	N. Ekerhovda	37-38
47	S. Ekerhovda	37-38

# TØMEKALENDER 1. JULI - 31. DESEMBER 2014



Opningstider for  
gjennbruktstasjonen  
på Straume:

Mandag 10-19  
Tys. ons, fre 10-15  
Torsdag 10-19  
Laurdag 09-16

Kalendaren finn du og på  
[www.fjellvar.as](http://www.fjellvar.as)

Papir-/plastsekk

1-20 Sonenr. Mitt sone nr.

Mat-/restavfall

Min tømmedag for mat-/restavfall:

Ekstra tømming matavfall juli og august

Min tømmedag for papir/plastavfall:

## JULI

1 TY	17	3/8	13/18
2 ON	18	4/9	14/19
3 TO	19	5/10	15/20
4 FR	20	1/6	11/16
5 LØ			
6 SØ			

7 MA	1	12/17	2/7
8 TY	2	13/18	3/8
9 ON	3	14/19	4/9
10 TO	4	15/20	5/10
11 FR	5	11/16	1/6
12 LØ			
13 SØ			

14 MA	6	2/7	12/17
15 TY	7	3/8	13/18
16 ON	8	4/9	14/19
17 TO	9	5/10	15/20
18 FR	10	1/6	11/16
19 LØ			
20 SØ			

21 MA	11	12/17	2/7
22 TY	12	13/18	3/8
23 ON	13	14/19	4/9
24 TO	14	15/20	5/10
25 FR	15	11/16	1/6
26 LØ			
27 SØ			

28 MA	16	2/7	12/17
29 TY	17	3/8	13/18
30 ON	18	4/9	14/19
31 TO	19	5/10	15/20

## AUGUST

1 FR	20	1/6	11/16
2 LØ			
3 SØ			

4 MA	1	12/17	2/7
5 TY	2	13/18	3/8
6 ON	3	14/19	4/9
7 TO	4	15/20	5/10
8 FR	5	11/16	1/6
9 LØ			
10 SØ			

11 MA	6	2/7	12/17
12 TY	7	3/8	13/18
13 ON	8	4/9	14/19
14 TO	9	5/10	15/20
15 FR	10	1/6	11/16
16 LØ			
17 SØ			

18 MA	11	12/17	2/7
19 TY	12	13/18	3/8
20 ON	13	14/19	4/9
21 TO	14	15/20	5/10
22 FR	15	11/16	1/6
23 LØ			
24 SØ			

25 MA	16	2/7	12/17
26 TY	17	3/8	13/18
27 ON	18	4/9	14/19
28 TO	19	5/10	15/20
29 FR	20	1/6	11/16
30 LØ			
31 SØ			

## SEPTEMBER

1 MA	1	12/17
2 TY	2	13/18
3 ON	3	14/19
4 TO	4	15/20
5 FR	5	11/16
6 LØ		
7 SØ		

8 MA	6	2/7
9 TY	7	3/8
10 ON	8	4/9
11 TO	9	5/10
12 FR	10	1/6
13 LØ		
14 SØ		

15 MA	11	12/17
16 TY	12	13/18
17 ON	13	14/19
18 TO	14	15/20
19 FR	15	11/16
20 LØ		
21 SØ		

22 MA	16	2/7
23 TY	17	3/8
24 ON	18	4/9
25 TO	19	5/10
26 FR	20	1/6
27 LØ		
28 SØ		

29 MA	1	12/17
30 TY	2	13/18

## OKTOBER

1 ON	3	14/19
2 TO	4	15/20
3 FR	5	11/16
4 LØ		
5 SØ		
6 MA	6	2/7
7 TY	7	3/8
8 ON	8	4/9
9 TO	9	5/10
10 FR	10	1/6
11 LØ		
12 SØ		

13 MA	11	12/17
14 TY	12	13/18
15 ON	13	14/19
16 TO	14	15/20
17 FR	15	11/16
18 LØ		
19 SØ		
20 MA	16	2/7
21 TY	17	3/8
22 ON	18	4/9
23 TO	19	5/10
24 FR	20	1/6
25 LØ		
26 SØ		

27 MA	1	12/17
28 TY	2	13/18
29 ON	3	14/19
30 TO	4	15/20
31 FR	5	11/16

## NOVEMBER

1 LØ		
2 SØ		
3 MA	6	2/7
4 TY	7	3/8
5 ON	8	4/9
6 TO	9	5/10
7 FR	10	1/6
8 LØ		
9 SØ		
10 MA	11	12/17
11 TY	12	13/18
12 ON	13	14/19
13 TO	14	15/20
14 FR	15	11/16
15 LØ		
16 SØ		

17 MA	16	2/7
18 TY	17	3/8
19 ON	18	4/9
20 TO	19	5/10
21 FR	20	1/6
22 LØ		
23 SØ		
24 MA	1	12/17
25 TY	2	13/18
26 ON	3	14/19
27 TO	4	15/20
28 FR	5	11/16
29 LØ		
30 SØ		

## DESEMBER

1 MA	6	2/7
2 TY	7	3/8
3 ON	8	4/9
4 TO	9	5/10
5 FR	10	1/6
6 LØ		
7 SØ		
8 MA	11	12/17
9 TY	12	13/18
10 ON	13	14/19
11 TO	14	15/20
12 FR	15	11/16
13 LØ		
14 SØ		
15 MA	16	2/7
16 TY	17	3/8
17 ON	18	4/9
18 TO	19	5/10
19 FR	20	1/6
20 LØ		
21 SØ		

22 MA	1	12/17/15/20
23 TY	2/4	11/13/16/18
24 ON	3	14/19
25 TO		1. JULEDAG
26 FR		2. JULEDAG
27 LØ		
28 SØ		
29 MA	5/6	2/7
30 TY	7	3/8
31 ON	8/9	4/9
1 TO		1. NYÅRSDAG
2 FR	10	5/10/1/6

Matavfallet må ikkje kastast i restavfallet! Hugs å sette ut sekken med plast saman med papiret! Derksom avfallet ikkje er henta kan du ringe renovatøren på tlf. 930 04 905

# Lave gebyr grunna god sortering

Renovasjonsgebyra i Fjell er 20 prosent lågare enn landsgjennomsnittet.  
– Det skuldast miljøbevisste innbyggjarar, seier dagleg leiar Bjarne Ulvestad i FjellVAR.

**D**ei som bur i Fjell har alltid vore flinke til å sortere avfall. Fjell kommune var også tidleg ute med kompostering. Det er ein god kommune å vera renovatør i, seier Ulvestad.

## Kan halda seg lavt lenge

I norske kommunar er all renovasjon basert på sjølvkost. Effektiv og god drift gjev difor lågare kostnader for innbyggjarane. FjellVAR har gjort fleire grep, som innkjøpssamarbeid med andre renovasjonsselskap, lønsam oppdatering av kunderegisteret og målretta arbeid for å ha ei effektiv drift.

Likevel vil Ulvestad først og fremst trekkje fram at det avgjerande har vore dei gode vanane innbyggjarane i kommunen har.

– Med god kjeldesortering i husstandane treng ikkje FjellVAR betale mykje for å bli kvitt avfallet som må til forbrenning. Dessutan kan vi selje vidare deler av det som er godt sortert. Det er hovudårsaka til at vi har kunne halde gebyra i ro i fem år, samtidig som andre kommunar har måtta auke takstane sine. Held innbyggjarane i

**NØGD: Dagleg leiar i FjellVAR Bjarne Ulvestad er nøgd med at innbyggjarane i Fjell kommune er miljøbevisste.**



Fjell fram med å vera så miljøbevisste, vil renovasjonsgebyra halda seg lave, fortel Ulvestad.

## Vatn og avløp mykje billegare

I 2008 var Fjell kommune blant dei ti kommunane i landet med høgast gebyr for vatn og avløp. I åra etter har FjellVAR arbeidd særskilt målretta for å koma ned på landsgjennomsnittet. Arbeidet har så langt vore vellukka.

– Det har heldigvis gått bra. Samtidig som investeringane auka, klarte vi å få gebyra ned, seier Bjarne Ulvestad. I kommunedelplanen for 2011-2022 er gebyra nå for 2014 omlag 20 % under prognosen for ein einestad på 120 m<sup>2</sup>.


## Som landsgjennomsnittet

– Det er ei rekkje tiltak som til saman har gjeve ein stor effekt, seier Ulvestad. Han ramsar opp energieffektivisering, reduksjon av lekkasje, fokus på å ha eit oppdatert kunderegister, endring av gebyrforskrifter, samarbeid med industrien, vatn til nye grender og at tilflyttinga til kommunen har vore høgare enn venta.


– Auka tilflytting gjer at det blir fleire å dele kostnadane på. Kombinasjonen av dei ulike tiltaka som er gjennomført, gjer at Fjell i dag ikkje skil seg ut med høgt gebyr på vatn eller avløp.

Tal frå Huseiernes Landsforbund viser at for ein 120 kvadratmeter stor bustad ligg Fjell kommune om lag på landsgjennomsnittet.

ÅRSGBYR RENOVASJON



ÅRSGBYR VATN



Tekst, grafisk produksjon, trykk: Bodoni AS